

## Tabell C-k

### Saker med særskild fordeling. Kommunane.

Følgjande saker er gitt ei særskild fordeling innanfor innbyggjartilskotet i 2016:

Kol.	Sak	Departement	Beløp i 1000 kr
1	Inndelingstilskot	KMD	101 974
2	Trekke Nannestad og Ullensaker	KMD	-19 350
3	Helsestasjons- og skulehelseteneste	HOD	667 696
4	Utdanning av deltidsbrannpersonell	JD	37 970
5	Utrekk avgiftslette differensiert arbeidsgjevaravgift	KMD	-218 600
6	Korreksjon kommunal medfinansiering statleg barnevern, Oslo kommune	BLD	-26 714
	Forsøk med ny oppgåvefordeling i barnevernet	BLD	247 600
7	<i>SUM</i>		790 575

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet vil i 2016 setje i verk forsøk med ny oppgåve- og ansvarsdeling mellom kommunalt og statleg barnevern. Forslag til kompensasjon til forsøkskommunane er lagt i tabell C-k, og inngår i totalsummen her. Sidan det ikkje er avklart kva kommunar som vil delta i forsøket, er midlane førebels ufordelte.

#### Kolonne 1 – Inndelingstilskot

Inndelingstilskotet blir gjeve som kompensasjon til kommunar som sluttar seg saman. Inndelingstilskotet blir fryst reelt i 15 år, og blir deretter trappa gradvis ned over 5 år. Inndelingstilskotet blir omtalt nærmare i innleiinga og i kapittel 18.2 i St.prp. nr. 64 (2001–2002) *Om lokaldemokrati, velferd og økonomi i kommunesektoren 2003*. I 2016 blir det gjeve inndelingstilskot til seks kommunar (kommunane Re, Vindafjord, Aure, Bodø, Kristiansund, Inderøy og Harstad). Inndelingstilskotet er prisjustert.

#### Kolonne 2 – Trekk Nannestad og Ullensaker

Nannestad og Ullensaker har i perioden 1993–2008 motteke finansieringsbistand i form av skjønsmidlar i samband med etableringa av Oslo Lufthamn, Gardermoen. Totalt har kommunane motteke 735,5 mill. kroner, der 387 mill. kroner skal betalast tilbake i 20 like store avdrag frå og med 2009. Dette blir gjort ved eit trekk i rammetilskotet til Nannestad og Ullensaker på høvesvis 7,43 og 11,92 mill. kroner årleg t.o.m. 2028. Trekket er ikkje prisjustert.

#### Kolonne 3 – Helsestasjons- og skulehelseteneste

Som varsla i kommuneproposisjonen for 2016 vil Regjeringa ytterlegare styrke helsestasjons- og skulehelsetenesta, inkludert jordmortenesta. 200 mill. kroner av veksten i kommunesektorens frie inntekter er grunngjeve med ei styrking av desse tenestene. I statsbudsjettet for 2014 blei det løyvd 180 mill. kroner innanfor veksten i dei frie inntektene, og beløpet blei auka til 455 mill. kroner i 2015. For 2016 utgjer satsinga på denne tenesta til saman 667,7 mill. kroner. Midlane er føreslått fordelt til kommunane basert på talet på innbyggjarar i alderen 0–19 år, med eit minstenivå på 100 000 kroner per kommune.

#### **Kolonne 4 – Utdanning av deltidsbrannpersonell**

For å leggje til rette for å auke utdanninga av deltidsbrannpersonell, er 38,0 mill. kroner av rammetilskotet fordelt særskilt til kommunar ut frå talet på deltidsbrannpersonell i kvar kommune. Der det er vertskommunesamarbeid om brannvesen er midla fordelte til vertskommunen. Regjeringa legg til grunn at vertskommunane sørger for at midlane kjem alle kommunane i samarbeidet til gode.

#### **Kolonne 5 – Uttrekk – avgiftslette differensiert arbeidsgjevaravgift**

31 kommunar fekk avgiftslette som følgje av revidering av ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift frå 1. juli 2014. Kommunane blei difor trekta i rammetilskotet i 2015 tilsvارande beløpet dei fekk i avgiftslette (sjå Prop. 1 S (2014–2015) for ein nærare omtale av saka). Som varsla i kommuneproposisjonen for 2016 (Prop. 121 S (2014–2015)) vil trekket bli trappa ned over fem år. Trekket frå 2015 er prisjustert og trappa ned med 20 pst.

#### **Kolonne 6 – Korreksjon barnevern, uttrekk Oslo kommune**

I 2015 blir det lagt inn 160 mill. kroner i rammetilskotet som følgje av auka communal medfinansiering av det statlege barnevernet. Denne endringa gjeld ikkje Oslo kommune, som òg har ansvaret for den statlege delen av barnevernet i Oslo.

Sidan det ikkje er mogleg å halde Oslo utanfor fordelinga av midlane, fekk Oslo om lag 26 mill. kroner gjennom kostnadsnøkkelen til dette formålet i 2015. For at Oslo skal gå i null blei det lagt inn ein korreksjon på -26,012 mill. kroner i tabell C i 2015 . Trekket for 2016 er prisjustert

#### **Kolonne 7 – Sum saker med særskild fordeling**

Summen av kolonnane 1–6. Midlane til forsøket med ny oppgåvefordeling i barnevernet er lagt til i landssummen. Talet er nytta i tabell 2-k, kolonne 3. Tilskota er lagde inn i inntektssystemet, og er i hovudsak haldne utanfor utrekninga av inntektsgarantiordninga.